



# Gulen kyrkjelydsblad

Nr 3

Oktober 2020

63. årgang



**Frå Sunniva-seglasen 2020. To jekter for fulle segl inn mot Eivindvik og Gulen kyrkje: Bakkejekta og Den Gode Hensigt. Meir side 9-10. (Foto: [www.sunnivaseglas.no](http://www.sunnivaseglas.no))**

**REDAKTØR: Kyrkjeverja**

Eivindvikvegen 1119, 5966 Eivindvik  
tlf. 57782090/97044591

[kyrkjeverja@gulen.kyrkja.no](mailto:kyrkjeverja@gulen.kyrkja.no)

**REDAKSJON: Anne R. Tveit**

Eivindvikvegen 1117, 5966 Eivindvik  
tlf. 48228353. [annetveit46@gmail.com](mailto:annetveit46@gmail.com)

**KORREKTUR: Marit Sandal,****BANKGIROKONTO: 3817 15 51282**

**VIPPS:** Brekke: 85357, Gulen: 85358,  
Mjømna: 85360.

**TRYKKERI:**

ETN Grafisk, 3701 Skien

**SOKNEPREST i GULEN, BREKKE**

og **MJØMNA SOKN:**

**Per Børge Hillestad.** tlf. 93442919.

[per.hillestad@gulen.kyrkja.no](mailto:per.hillestad@gulen.kyrkja.no)

**KYRKJEVERJE: Ingunn Sognnes**

Tlf. 57782090/97044591. Fri fredag.

[kyrkjeverja@gulen.kyrkja.no](mailto:kyrkjeverja@gulen.kyrkja.no)

**KONTORPERSONALE:**

**Margrethe Skåden,** Tlf. 57782093

Kontor: torsdag kl.12.40-16.00 og  
fredag kl.08.00-12.00.

[post@gulen.kyrkja.no](mailto:post@gulen.kyrkja.no)

**ORGANIST: Peter Tiborc Jobbagy,**

5966 Eivindvik. Tlf. kontor 57782092.

**GULEN KYRKJELEGE RÅD/FEL-  
LESRÅD:**

**Leiar: Åse Haugen.** Tlf. 48250014.

[haugena@online.no](mailto:haugena@online.no)

**Nestleiar: Kåre Sigurd Krakhella**

Tlf. 90075286

[kaare.krakhella@icloud.com](mailto:kaare.krakhella@icloud.com)

**KYRKJA SI HEIMESIDE:**

[www.gulen.kyrkja.no](http://www.gulen.kyrkja.no)

**FACEBOOK:** *Kyrkja i Gulen.*

## Redaksjonen

Redaksjonen ønskjer lesarane ein god  
haust! Neste nummer av bladet kjem i  
desember. Innsendingsfrist: 10.11.



## Bladpengar til Gulen kyrkjelydsblad

For nokre år sidan bestemte Gulen  
kyrkjelege fellesråd at det skal leggst  
inn ein giro i bladet kvart år.

Dette har av ein eller annan grunn  
vorte gløymt dei siste åra. Førre gong  
det låg giro i bladet, var i desember  
2017, så det er på høg tid med ei ny  
betalingsrunde no.

Kyrkjeverja er redaktør for bladet,  
men alt anna arbeid er dugnad, både  
skriving, oppsett og distribusjon.  
Opplaget er på 1600 eksemplar pr. nr.,  
og det kostar ca. 12.000 kr., medrekna  
porto til utanbygds abonnentar.  
Siste åra har vi hatt fire nummer pr.  
år. Kontingenten er fri, dvs at du  
bestemmer sjølv kor mykje og kor  
ofte du vil gi. Du kan bruke giroen  
som ligg inni dette bladet, eller du kan  
sende gåva til **kontonr.**

**3817.15.51282**, merka

«Kyrkjelydsbladet».

**Tusen takk for alle gåver!**



## Tru «god nok»?

Nokre gonger tenkjer me: Er trua mi god nok? Me samanliknar oss med andre.

Dei kan så mykje meir enn eg.

Dei bed så mykje meir enn eg.

Dei har dei riktige orda.

Dei gjer dei rette tinga.

Eg får det ikkje til, eg kan ikkje og vil ikkje vera som dei! Der er vanskeleg å la trua vera tru på eller til Jesus.

I staden prøver me å stabla opp ei tru me kan tru på.

Ei tru med rette meiningar.

Ei tru med rette gjerningar.

Nokre gonger seier Jesus: «*Trua di har frelst deg,*» eller ord som tyder det same. Den mest kjende som fekk høyra dette, er vel forbrytaren som vart krossfesta ved sida av Jesus.

Han visste nok ikkje noko om kross og soning.

Han hadde ikkje høve til å betra seg.

Han bad ikkje om anna enn at Jesus skulle hugsa på han.

Han fekk frelsa i gåve: «*I dag skal du vera med meg i Paradis,*» sa Jesus (Luk.23,43).

Berre eit håp til Jesus, eit håp som vart ei bøn, det var tru «god nok».

Han var smitteberar.

Han var utlending,

frå eit folk som lærte feil om Gud.

Han ropa til Jesus. Han blei rein.

Som den einaste av ti, kom han attende og takka.

«*Trua di har frelst deg,*», sa Jesus.

Han hadde ikkje kunnskap.

Han hadde ikkje eit fromt liv.

Han berre ropa til Jesus og takka han spontant (Luk.17,19).

Trua hans var «god nok».

Det var strid rundt Paulus.

Korleis kunne han forkynna og opna Guds rike for heidningane?

Korleis kunne han tola at dei ikkje heldt lova frå Det gamle testamentet? Og var ikkje dei andre apostlane meir til å stola på?

«*Av forvaltatarar krevst det at dei viser truskap. Men for meg har det ingen ting å seia om eg blir dømd av dykk eller nokon menneskeleg domstol.*

*Ja, eg dømmar ikkje meg sjølv eingong, for eg veit ikkje om at eg har gjort noko gale. Men eg er ikkje dermed frikjend, for det er Herren som dømmar meg,*» skriv Paulus (1.Kor.4,2-4).

Paulus veit at Jesus er Herren.

Så langt han får det til, er han lydig mot Jesus. Då betyr det ikkje så mykje kva andre seier. Det er tru «god nok».

«*Kvar den som kallar på Herrens namn, skal bli frelst.*»(Rom.10,13).»

*Gud er den som frikjenner. Kven kan då fordømma?»* (Rom. 8,33-34).

Det er tru «god nok».

*Per Børge Hillestad*

## Innsetjingsgudsteneste i Gulen kyrkje 23.08.20



Endeleg var dagen komen for innsetjingsgudstenesta der sokneprest Per Børge Hillestad formelt blei innsett som prest i Gulen.

Restriksjonane som koronapandemien førte med seg, gjorde det uråd å gjennomføre dette tidlegare, men Per Børge har vore i Gulen sidan påske, og mange har alt møtt han i ei av dei tre kyrkjene, på butikken eller gjennom videogudstenesta 1. pinsedag.



Den høgtidelege handlinga blei føretaken ved at leiar i Gulen kyrkjelege råd, Åse Haugen, las opp tilsetjingsbrevet frå biskop Halvor Nordhaug,

der det blant anna står:

*«Så ta då imot Per Børge Hillestad som dykkar rette prest.*

*Møt han med vørndnad og kjærleik som ein kristen kyrkjelyd er sin Herres tenar skuldig.*

*Ber han fram for Gud i bønene dykkar, og stø han i alt som gode medarbeidarar i Guds rike og i vår norske kyrkje.*

*Han som tek til med ei god gjerning i dykk, skal fullføre henne – heilt til Jesu Kristi dag!»*

Prost Helge Taranrød velsigna så Per Børge med handspålegging.

Og dermed har Gulen fått sin sokneprest, etter over eitt år med faste vikarar.



Det var også dåp og presentasjon av dei nye konfirmantane denne dagen, og Per Børge hadde allereie engasjert konfirmantane til å delta.

Etter gudstenesta var det kyrkjekaffi.

*Ingunn Sognnes/Anne Tveit*

# Fredningstid og feste av grav på gravplassane i Gulen



Fredningstid og feste av grav er regulert i vedtekter for gravplassane i Gulen gjeldande frå 01.03.2017, vedtekne av Gulen kyrkjelege fellestråd og godkjent av Bjørgvin bispedømmeråd. Her er gjengitt dei tre første paragrafane. Vedtektene i si heilheit ligg på heimesida: [www.gulen.kyrkja.no](http://www.gulen.kyrkja.no)

## §1 Gravplasztilknyting

Avlidne personar som ved dødsfallet var manntalsførte i kommunen, har rett på fri grav på gravplass i kommunen. Dette gjeld også om den avlidne på grunn av sjukdom eller alderdom har budd utanfor kommunen dei siste fem åra, og av den grunn ikkje er manntalsført der.

Kyrkjeleg fellestråd kan gi løyve til at også avlidne personar utan bustad i kommunen, kan gravleggast på ein gravplass i kommunen, men då vert det kravt dekning av kostnader ved gravferda og avgift som ved feste av grav.

## § 2 Fredningstid

Fredningstida er 30 år for kistegrav og 20 år for urnegrav.

På Mjømna, felt B og D, er fredningstida 40 år. På Rutle gravplass er fredningstida no 60 år.

Urne kan settast ned i kistegrav i fredningstida, jfr. GL § 8.

## § 3 Feste av grav

I lag med ei frigrav kan ein feste ei grav ved sida av, normalt for 5 år om gongen.

Etter søknad til kyrkjeleg fellestråd kan ein feste to graver i tilknyting til gravlegging i frigrav.

Også alle festa graver blir betalingsfrie (festeavgifta blir sett til kr. 0,00) i fredningstida etter kvar ny gravlegging. Ny festeperiode begynner etter den betalingsfrie perioden. Eventuell resterande tid av gjeldande festeavtale vert ikkje teken omsyn til når festa grav vert nytta til ny gravlegging.

Når fredningstida/festetida er omme, kan grava festast vidare for 5 år om gongen. Når det er gått 60 år etter siste gravlegging, kan festet ikkje fornyast utan etter særskilt samtykke frå kyrkjeleg fellestråd.

Festaren skal varslast om at festetida er ute. Dersom festet ikkje vert fornya innan 6 månader etter at varsel er sendt, fell grava attende til gravplassen og kan fritt nyttast om att av kyrkjeleg fellestråd.

Dersom det ikkje er mogleg å hente inn festaren eller den ansvarlege for grava sitt samtykke til sletting eller

bruk av ei grav, kan kyrkjeleg fellesråd avgjere bruk av grava.

Festar pliktar å melde adresseendring.



### Kommentarar:

Alle som bur i Gulen kommune, har rett til fri grav i fredningstida, det vil seie at det ikkje blir kravt festeavgift for dei første 30 åra for ei kistegrav.

Men dersom gjenlevande ektefelle/sambuar/familiemedlem ynskjer å feste grava attmed, vert det kravt festeavgift for 5 år om gongen.

Ved innbetaling av festeavgift vil ein då reservere grava attmed.

Men frå ny gravlegging vil også denne grava bli fritaken frå avgift i fredningstida.

Når fredningstida er omme, kan ein feste grava for 5 år om gongen.

Når det er gått 60 år etter siste gravlegging, kan festet ikkje fornyast utan særskilt samtykke frå kyrkjeleg fellesråd. For å få godkjent feste ut over 60 år vert det lagt vekt på at grava blir teken vare på, av nære pårørande og eventuelt gjenbruk, og at festeavgifta vert betalt.

Kyrkjeverja held på med utsending av

faktura på festeavgift, også brev om graver som er over 60 år.

Det hender graver står utan oppgitt festar/pårørande, eller festar kan vere død.

Du blir difor oppfordra om å ta kontakt med kyrkjekontoret om DU har ei grav som du er usikker på om er festar på, eller andre spørsmål kring familiegaver.

Det viser seg at med ein telefonsamtale kan ein få rydda opp, og få rett festar med rett adresse på plass.

Minner også om at lause gravsteinar er festar sitt ansvar, og MÅ rettast opp.

*Ingunn Sognnes, kyrkjeverje*

## Kristi himmelfartsdag

På grunn av at vi var midt i koronakrisen 21. mai i år, fikk vi ikke feiret Kristi himmelfartsdag, eller Tronstigningsdagen, som den også blir kalt. Derfor vil jeg her dele noen tanker omkring denne dagen.

*- Hvorfor er Kristi Himmelfartsdag viktig for vår tro?*

- Jeg har alltid tenkt på det som står i 1.Pet.3,22 om at *han som fór opp til himmelen, nå sitter ved Guds høyre hånd, etter at engler, myndigheter og makter er ham underlagt.*

Denne dagen fokuserer kanskje mer enn mange andre høytidsdager på at Jesus er Herre overalt. Det finnes ikke noe område i vår menneskelige erfaring hvor Jesus ikke kan komme til med sin hjelp og frelse om vi ber han

om det. For mange er derfor dette en dag som har mye med trøst å gjøre.



*Kristi himmelfart, slik det er framstilt på eitt av glasmaleria i Gulen kyrkje*

*- Hvor er den Himmelen som Jesus fór til? Han er jo ikke langt borte?*

*- Det enkleste er kanskje å snu det på hodet og si at Himmelen er der Gud er. Bibelen sier at himmelen ikke er begrenset av tid og sted, den sprenger på en måte alle fysiske grenser som vi kjenner til. Jesus beskriver evigheten som *det nye Jerusalem som kommer ned fra himmelen* (Åp.3,12), og Johannes snakker om *den hellige by**

*Jerusalem. Den kom ned fra himmelen, fra Gud* (Åp.21,10).

Ut fra disse versene kan vi kanskje si at paradiset er et fantastisk kongerike hvor både himmel og jord er smeltet sammen på en måte som er utenom vår menneskelige fatteevne å forstå. Gud sier også om sitt bosted, at *I det høye og hellige bor jeg, og hos den som er knust og nedbøyd i ånden.* (Jesaja 57,15).

Dette bekrefter på en måte at hans oppholdssted – himmelen – ikke er begrenset av tid og sted. Det er både et konkret sted og en virkelighet som overstiger vår tanke av hva et sted er.

*-Etter at Jesus ble borte for dem, gikk disiplene tilbake til Jerusalem i stor glede, står det. Hvorfor ble disiplene glade og ikke lei seg etter at Jesus ble borte for dem?*

- Jesus hadde fortalt disiplene flere ganger om hva som skulle skje, at han om ikke lenge skulle dø, stå opp igjen, og så vende tilbake til sin Far i himmelen.

Hver gang han fortalte det, står det at hjertene deres ble fylt av forvirring og sorg. Skulle han som de var så glad i, elsket og respekterte, lederen deres, forlate dem?

Når Jesus så dro tilbake til himmelen, står det imidlertid også at Jesus *åpnet forstanden deres.*

Jeg tenker det slik at de fikk et innblikk i hvor nær himmelen egentlig er, at tronstigningen faktisk er en feiring av hans store seier over mørkets krefter. Hvis det er riktig,

kan vi forstå hvorfor de ble så glade.

- Så navnet *Kristi Tronstigningsdag* er et dekkende navn på dagen?

- Jeg synes dette er det best mulige navnet en kan ha på denne dagen. Det er kanskje når jeg sliter med tunge tanker og ikke har det så godt, at jeg setter mest pris på akkurat navnet *tronstigning*. I Hebr.4,14ff står det: *Da vi nå har en stor øversteprest som har gått gjennom himlene, Jesus, Guds Sønn, så la oss holde fast ved bekjennelsen! For vi har ikke en øversteprest som ikke kan ha medlidenhet med oss i vår svakhet, men en som er prøvet i alt på samme måte som vi, men uten synd. La oss derfor med frimodighet tre fram for nådens trone, så vi kan få miskunn og finne nåde som gir hjelp i rette tid.*

Jesu tronstigning overstiger alle forventninger vi måtte ha til en god konge og Herre, og selv lille meg får lov å tre frem for Han. I denne sammenheng liker jeg også å lese Fil.2,9-11: *Derfor har Gud høyt opphøyet ham og gitt ham navnet over alle navn, for hvert kne skal bøye seg i Jesu navn, i himmelen, på jorden og under jorden, og hver tunge bekjenne: Jesus Kristus er Herre, til Gud Faders ære!* Jesus på tronen blir gjennom disse versene både mektig og nådig.

- *Jesus gav disiplene i oppdrag å forkynde omvendning og tilgivelse for syndene for alle folk, men at de skulle vente med det til de fikk kraft fra det høye. Gjelder dette oss også? Må vi også vente på kraft?*

- Jeg tror beskjeden om å vente på kraft fra det høye gav disiplene en ekstra stor grunn til å hoppe av glede. Her peker nemlig Jesus frem mot pinsen, kirkens bursdag.

Når Jesus inntar tronen i himmelen, sier han samtidig at han vil sende den Hellige ånd til å lede kirken med alt den trenger. Her vil jeg legge til at vi i våre kirker kanskje ikke er de flinkeste til å prøve ut og gjøre oss nye og hittil ukjente erfaringer med hva denne åndens kraft er i stand til. *Be så skal du få*, står det. Etter pinsedag den gangen i Jerusalem er det vel egentlig fri bane til å gå, og til å få ...



- *Jesus løftet hendene og velsignet dem. Og mens han gjorde det, ble han borte for dem, står det. Kan vi da tenke slik at Jesus holder på med å velsigne oss ennå?*

- Jeg synes det er en god tenkemåte. Det står i 2.Tim.1,7 om Gud at han gav en *Ånd som gir kraft, kjærighet og sindighet*. På mange måter kan en si at Jesus aldri helt forlot oss.

Da han sendte oss sin ånd, sendte han - og fortsetter hver dag å sende oss - ren velsignelse. Det gir grunn til å takke og juble! Skal vi danse?

- *Det står også at disiplene etterpå stadig var i tempelet og lovet og priste*



*Gud. Burde vi oftere komme sammen i kirken og love Gud?* - Ja, det er det ingen tvil om. Det er mange løfter knytta til fellesskapet i kirken.

Personlig drømmer jeg om full kirke med bønn og lovsang hver eneste morgen, før folk reiser til Brekke, Eivindvik, Mjømna, Mongstad, Knarvik, Bergen og andre steder på jobb. Tror ikke noe kunne være bedre enn det. Jo, forresten, den himmelske lovsangen tror jeg blir bedre ...

*Per Børge Hillestad*

## Sunniva-seglasen 2020

Frå 28. august til 5. september i år segla historiske farkostar sørover langs Kystpilegrimsleia for å markere at det var 850 år sidan leivningane etter Sta. Sunniva blei flytta frå Selja til Bergen. Fire ungdommar frå ulike kyrkjesamfunn var med på ferda. Dei frakta med seg eit Sunnivaskrin som skulle symbolisere skrinet som blei ført frå Selja til Bergen i 1170.

Ferda gjekk i etappar og som ein stafett av ulike gamle jekter og store robåtar. Der båtane med skrinet gjekk til hamn, var det både kyrkjelege arrangement og aktivitetar i regi av FN-sambandet og Fjordane friluftsråd, i samarbeid med biologar og lokale kjentfolk. Temaet var FN's berekraftsmål, blant anna ved strandrydding og utforsking av plasureining.

I skrinet blei det undervegs lagt tekstar om korleis ein kan ta vare på skaparverket og følge opp FN's berekraftsmål.

Tekstane var skrivne av konfirmantar og kyrkjelydar som møtte skrinet langs ruta.

Seglasen starta på Selja og var innom Kalvåg, Kinn, Svanøy, Askvoll, Korsund, Hyllestad, Eivindvik, Kilstraumen, Lygra og Hamre før ferda enda i Bergen.

Der gjekk følget i prosesjon med skrinet til Kriskyrkjetomta, der det var opningsmarkering for Bergen Regionale Pilegrimssenter.

*(Tekst: Bjørgvin bispedømme, sunnivaseglas.no m.fl.)*

## Sunniva-seglasen i Eivindvik



Tysdag 1. september kl. 18.30 kom Bakkejekta med Sunnivaskrinet om bord inn til Eivindvik, og frå Bergen kom jekta Den Gode Hensigt, som skulle frakte skrinet vidare dagen etter.

I Bakkejekta var også fire ungdommar om bord, to av dei var protestantar, éin var katolikk og éin var ortodoks. Det var dårleg bør innover fjorden,

så dei var litt forseinka.



Følgjet blei helsa velkomen av ordførar Hallvard Oppedal, formidlar ved Gulatinget, Tone Ekerhovd, og sokneprest Per Børge Hillestad.




Kyrkjeklokkene kalla til gudsteneste, og fire sterke konfirmantar bar Sunnivaskrinet.

Mange hadde møtt opp og gjekk i prosesjon til kyrkja.

Per Børge Hillestad hadde engasjert konfirmantane på førehand, og i kon-

firnantundervisninga veka før, var det sett av tid til å førebu denne gudstenesta, der konfirmantane frå alle sokna deltok. Dei hadde blitt oppfordra til å lage tekstar om korleis ein kan ta vare på skaparverket og heilt konkret følgje opp berekraftsmåla til FN.

Tekstane blei skrivne på fine brevomslag, som blei lagde i Sunnivaskrinet. Desse tekstane vil bli gitt i gåve til jubileumsbyen Bergen, og blir tekne vare på for framtida.



Ei fin markering av Sunniva-seglasen, og ei fin avslutning i kyrkja!

*Ingunn Sognnes*

## Konfirmasjonane 2020

Konfirmasjonane som på grunn av koronakrisa i vår måtte utsetjast, er no gjennomførte.

Til neste nummer vil vi prøve å få tak i foto av konfirmantane.

## Hausttakkefest

Hausten er tida for hausttakkefestar i kyrkjene våre. I NS nr 253, 2. vers, står det slik:

*Så har Gud skapt heimsens ring,*

*Her er fullt av gode ting:*

*Gras og grøde gror det her,  
bær og frukter hagen ber.*

*Dyr og fisk og fuglar får  
alt dei treng i sine kår.*

*Gud er Far i heimen vår.*



## Nytt frå kyrkjelydane

### Døypte:

#### GULEN SOKN:

**23.08.20:** Viljar Andersen Johannesen  
For.: Lene Mari Andersen og Thomas Johannesen.

#### MJØMNA SOKN:

**30.08.20:** Emrik Elvebakke.  
For.: Irmelin Gripsgård og Kristoffer Elvebakke.

**30.08.20:** Alette Birknes. For.: Line Arnstøl Birknes og Petter Solheim.

#### BREKKE SOKN:

**05.07.20:** Katrine Klepp Asheim.  
For.: Karina Asheim og Kristian Fredrik Klepp Thorbjørnsen.

**05.07.20:** Hennie Botnen.  
For.: Marita Heinzberger Botnen og Vidar Toverud Botnen.

**02.08.20:** Neo Doroftei Oppedal.  
For.: Lidia Doroftei Oppedal og Ole-Thomas Oppedal.

### Vigde:

#### MJØMNA SOKN:

**20.06.20:** Trine Gjesme Johannesen og Gottlieb Gullaksen. Busette i Bergen.

### Døde:

#### BREKKE SOKN:

**04.07.20:** Liv Takle, f. 1935.

**24.07.20:** Ivar Ellingsen, f. 1935.

**11.09.20:** Reidar Hjartholm, f. 1946.

#### MJØMNA SOKN:

**03.09.20:** Kitty Berentine Persdatter Børholm, f. 1930.

#### GULEN SOKN:

**01.09.20:** Kåre Magne Glosvik, f. 1949. Gravferd i Søreide kyrkje.

**14.09.20:** Øystein Haveland, f. 1936.

## Kyrkjekalenderen



**11.10., 19. søndag i treeiningstida:**

**Brekke kyrkje kl. 11.00** v/Per Børge Hillestad. Hausttakkefest. Utdeling av bøker til 4- og 6-åringane. Tårnagentar (7-9 år). Offer: Fjon fjellkyrkje.

**18.10.,** 20. søndag i treeiningstida:  
**Mjømna kyrkje kl. 11.00** v/Per  
Børge Hillestad. Offer: Sygna vgs.

**25.10.,** Bots- og bøneda  
**Gulen kyrkje kl. 11.00** v/Bjørn  
Magne Hansen. Utdeling av bøker til  
4- og 6-åringar. Tårnagentar (7-9 år).  
Offer: Misjonærprosjekt i Mali.

**01.11.,** Allehelgensdag:  
- **Gulen kyrkje kl. 11.00** v/ Per Børge  
Hillestad. Offer: NMS

- **Brekke kyrkje kl. 16.00** v/Per  
Børge Hillestad. Offer: Misjonær-  
prosjekt i Mali.

**08.11.,** 23. søndag i treeiningstida  
**Mjømna kyrkje kl. 11.00** v/Per  
Børge Hillestad. Allehelgensguds-  
teneste. Offer: Stefanusalliansen.

**15.11.,** 24. søndag i treeiningstida  
**Brekke kyrkje kl. 11.00** v/Per Børge  
Hillestad. Offer: Kirkens bymisjon.

**22.11.,** Domssøndag/Kristi Kongedag  
- **Mjømna kyrkje kl. 11.00** v/Per  
Børge Hillestad. Offer: Misjonær-  
prosjekt i Mali.

- **Gulen kyrkje kl. 16.00** v/Per Børge  
Hillestad. Lysmesse. Offer: Change-  
maker

**29.11.,** 1. søndag i advent  
Ikkje gudsteneste i kommunen

**06.12.,** 2. søndag i advent  
Risnehall kl. 13.00: Juleverkstad.  
**Risnehall kl. 15.00:** Gudsteneste  
v/vikar. Offer: Kyrkjelydsarbeidet

**13.12.,** 3. søndag i advent  
Ikkje gudsteneste i kommunen.

**24. desember,** Julaftan:  
- **Mjømna kyrkje kl. 11.00** v/Per  
Børge Hillestad. Offer: Kirkens  
Nødhjelp.

- **Brekke kyrkje kl. 13.30** v/Per  
Børge Hillestad. Offer: Kirkens  
Nødhjelp.

- **Gulen kyrkje kl. 16.00** v/Per Børge  
Hillestad. Offer: Kyrkjelydsarbeidet.

**25.12.,** 1. juledag:  
**Gulen kyrkje kl. 12.00** v/Per Børge  
Hillestad. Offer: Kirkens Nødhjelp.

**26.12.,** 2. juledag:  
**Byrknes bedehusapell kl. 11.00**  
v/Per Børge Hillestad. Offer: Kirkens  
Bymisjon.

**31.12.,** Nyttårsaftan:  
**Brekke kyrkje kl. 23.00.** Midnatts-  
gudsteneste. Offer: Redd Barna.

***NB!!** Det kan bli endringar i den  
oppsette gudstenestelista. Følg med i  
lokalavisene, på oppslag, på nettsida  
til kyrkja: [www.gulen.kyrkja.no](http://www.gulen.kyrkja.no) og på  
kyrkja si facebookside: Kyrkja i  
Gulen.*

